

Hei,

Sjå tilbakemelding på spørsmåla nedanfor

1. Hvor mye konsesjonskraft kan kommunen ta ut årlig? Om lag 9 000 MWh. Resten av den opprinnelege kvota på om lag 70 000 MWh får Vestland Fylkeskommune ta ut og selje, sidan kommunar ikkje får ta ut meir konsesjonskraft enn tilsvarande alminneleg forbruk innafor kommunegrensene. Resten av konsesjonskraftkvota tilfaller etter lova fylkeskommunen ein tilhøyrer
2. Hvor mye av dette regner dere med å selje på det åpne markedet i 2022? **Ingenting.** Modalen kommune sin konsesjonskraft vert overført til Modalen kraftlag som sel krafta til innbyggjarane til sjølvkostpris. Kommunen har såleis ingen inntekter på denne konsesjonskrafta. Sjå vedlagt kopi av avtalen med Modalen kraftlag om disponering av konsesjonskrafta
3. Hvilken inntekt har dette kraftsalget gitt så langt i år? **Ingenting**
4. Hvilken inntekt ga dette kraftsalget i første halvår av 2022? **Ingenting**
5. Hvilken inntekt hadde kommunen fra salg av konsesjonskraft i 2020 og 2021? **Kommunen har ein avtale frå 2017-2022 med Vestland fylkeskommune om fordeling av overskot/underskot av sal av 6 585 MWh. Dette på grunn av at fylkeskommunen i denne tidsperioden har fått kjøpe ei viss mengd konsesjonkraft til OED-pris og ikkje sjølvkostpris som følgje av ein avtale Modalen kommune har hatt med BKK i same tidsperiode. I 2020 då kraftprisane var låge hadde kommunen eit underskot(utgift) på 114 000 kr på avtalen, medan ein i 2021 hadde ei inntekt på 4,3 mill kroner. Utanom desse åra i avtaleperioden 2017-2022 har kommunen ikkje inntekter på sal av konsesjonskraft(jamfør svar spm 1 og 2)**
6. Hvordan fordeles den kraften som ikke selges? **Konsesjonskrafta i si heilhet disponerast av Modalen kraftlag, som sel krafta til innbyggjarar, kommunale bygg og næringsliv i kommunen. Jamfør og svar i spm 1 om kven som får disponere resten av konsesjonskraftkvota**
7. Hvilke inntekter fra eierskap i kraftselskap hadde kommunen i 2020, 2021 og så langt i 2022? **Ingenting. Kommunen har ikkje eigarskap i kraftselskap**
8. Hvilken årlig inntekt har kommunen fra konsesjonsavgifter? **Om lag kr 6 millionar**
9. Hvor store ekstrautgifter har de høye strømprisene gitt kommunen så langt i 2022? Svar eventuelt med et anslag. **Ingenting. Kommunen kjøper på lik linje med innbyggjarane straum til sjølvkostpris frå Modalen kraftlag.**

Med venleg helsing

Jo Tømmerbakke
Rådmann



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 03 | Mob: 47 46 26 10

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fra: Erik Fossen <erik.fossen@bt.no>

Sendt: tirsdag 16. august 2022 11:45

Til: Postmottak Modalen <postmottak@modalen.kommune.no>; Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>

Emne: Konesesjonskraft - innsynsbegjæring

Hei,

Til en artikkel i Bergens Tidende ønsker vi litt informasjon om kommunenes bruk og inntekter fra konsesjonskraft. Vi ber om innsyn i følgende opplysninger:

1. Hvor mye konsesjonskraft kan kommunen ta ut årlig?
2. Hvor mye av dette regner dere med å selge på det åpne markedet i 2022?
3. Hvilken inntekt har dette kraftsalget gitt så langt i år?
4. Hvilken inntekt ga dette kraftsalget i første halvår av 2022?
5. Hvilken inntekt hadde kommunen fra salg av konsesjonskraft i 2020 og 2021?
6. Hvordan fordeles den kraften som ikke selges?
7. Hvilke inntekter fra eierskap i kraftselskap hadde kommunen i 2020, 2021 og så langt i 2022?
8. Hvilken årlig inntekt har kommunen fra konsesjonsavgifter?
9. Hvor store ekstrautgifter har de høye strømprisene gitt kommunen så langt i 2022? Svar eventuelt med et anslag.

Vi ber om snarlig tilbakemelding. Ring gjerne dersom det er spørsmål eller kommentarer.

Vennlig hilsen
Erik Fossen

Journalist, Bergens Tidende
tlf. 0047 99 52 31 53